

VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSPLAN

24.06.2019

Varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Nordtunlii, gnr. 137/2 i Vinje kommune

På vegne av grunneigar Gunhild Gardsjord blir det varsla oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Nordtunlii, gnr. 137/2 i Vinje kommune. Varselet er i medhald av plan- og bygningslova § 12-8.

Dette varselet gjeng til grannar til planormådet og offentlege etatar, slik at de kan kome med innspel til planarbeidet. Oppstarten blir også annonsert i Vest-Telemark blad.


Føremålet med reguleringa er å leggje til rette for 10-12 hyttetomter med tilhøyrande infrastruktur. Dette er i samsvar med kommunedelplan for Rauland, der det blir opna for fritidsbustader med og utan utleige (område YF6). Etter avtale med Vinje kommune blir det ikkje lagt til rette for utleigeiningar i dette området. Området er ikkje regulert frå før, men grensar opp til reguleringsplan for Nordtunbakkkan (bustad og veg).

Det er vurdert at planen ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutredninger.

Det blir òg varsla oppstart av forhandlingar om utbyggingsavtale, i samsvar med plan- og bygningslova § 17-4.

Frist for innspel er onsdag 14. august 2019.

Send innspelet til signe.vinje@sweco.no, med kopi til postmottak@vinje.kommune.no. Innspel kan også sendast i brevform til Sweco Seljord AS, Vekanvegen 10, 3840 Seljord, med kopi til Vinje kommune, Vinjevegen 192, 3890 Vinje



Til venstre: Område som er sett av til regulering. Til høgre: Planområdet lagt saman med kommunedelplan for Rauland.

Vedlegg: Adresseliste og vurdering om krav til konsekvensutgreiing.